



VANN 1.500 KRONER: Denne gjengen i 7. klasse ved Myking skule har sikra seg 1.500 kroner i premie som beste avislesarar. Framme frå venstre Birte Hansen, Lena Abelsen Vabø, Ingvild Mosvoll, Andreas Bruvoll og Tore Andre Aase Vabø. Bak frå venstre, Jan Henning Merkesdat, Markus Monsen, Eirik Nesse og Jacob Nesse. Renate Wallimon og Vilde Hodneland går også i denne klassen.

Myking best på avislesing

MYKING: 7. klasse ved Myking skule er igjen beste klasse i kunnskapskonkurransen Vis med avis.



Av Ketil Tjøre
kjetil@strilen.no

Elevane har tilliks

med kring 150 jamaldringar rundt om i Nordhordland lest Strilen i ei veke, og så etterpå teke ein kunnskapstest om lokale, nasjonale og globale spørsmål.

Sjuandeklassingar frå Myking skule har vunne førstepremien på 1.500 kroner fleire år på rad, og 2011 vart ikkje noko unntak.

– Me las utvalde artiklar i kvar av avisene den veka, og så laga me spørsmål til og las opp i klassen, fortel Lena Abelsen Vabø.

– Kunnskapstesten gjekk heilt fint, seier Markus Monsen.

Klassen fekk eit snitt på 18 av 20 mulege poeng, og kneip førsteplassen nokre desimalar framfor neste klasse.

Veggavis

Klassen laga også veggavis ut frå den enkelte av dei tre Strilen-utgåvene dei las.

– Elevane var veldig flinke til å jobba med avisene, seier Annikken Aadneram, som er kontaktlærer for klassen.

– Dei var også flinke til å skilja Mubarak og Gadaffi, men sleit meir med å skilja ski-VM frå VM i skiskytting.

Aadneram brukar av og til å starta dagen med å snakka om utanlandske nyheiter, for å oppdatere elevane på kva som skjer ute i verda.

– Den veka me las aviser hadde me også eit ekstra fokus på dette, seier ho.

desse andre skulane vore med i konkurransen (i alfabetisk rekkefølge). Alversund skule, Eikanger skule, Kaland barne- og ungdomsskule, Kløvheim skule, Matre skule, Mo skule, Nordbygda skule, Ostereidet barneskule, Skodvin skule og Årås barne- og ungdomsskule.

I alt har over 150 elevar vore med på konkurransen, og brukt Strilen i undervisninga.

Over 150 elevar

I tillegg til Myking skule har

FAKTA

• Her er spørsmåla elevane måtte svara på: (Laga ut frå Strilen sitt innhald i veke 6 og 7, og ulike hendingar)

1. Strilen har jubileum i år. Kor gamal er avisa?

A: 10 år, B: 25 år, C: 50 år

2. På kva dagar kjem Strilen ut?

A: Tysdag, torsdag og laurdag, B: Tysdag og fredag, C: Kvar dag frå måndag til fredag

3. Kven av desse er redaktør i Strilen?

A: Davy Wathne, B: Hans Egil Storheim, C: Hans Wilhelm Steinfeldt

4. Kva finn du i spalta «Strilebua»?

A: Sport, B: Småannonser for kjøp og sal, C: Nyheiter

5. Borna i Haugen barnehage har lært seg dei tre naudnummera. Kva nummer skal du bruka om det er BRANN?

A: 110, B: 112, C: 113

6. Kva for handlesenter har nyopna med fleire nyoppussa butikkar?

A: Mastrevik Torg, B: Knavik senter, C: Lindås senter

7. Kvar i Nordhordland er det skitrekkt?

A: Stordalen, B: Rossland, C: Eldsfjellet

8. Songartisten Kristin Minde, opprinneleg frå Frekhaug, gir ut plate. Kva heiter den?

A: Six songs, B: Six feet over, C: Six feet above

9. Kva trur du det islandske ordet «svefnherbergi» tyder på norsk?

A: Hotell, B: Sjukhus, C: Soverom

10. Kven var dei første som busette seg på Island?

A: Svenskar, B: Norske vikingar og irske munkar, C: Tyskarar

11. Til hausten er det kommune- og fylkestingsval. I kva kommune vil innbyggjarane få høve til å røyste elektronisk på internett?

A: Radøy, B: Austrheim, C: Masfjorden

12. Kva protesterer bondelaga mot i Lindås kommune?

A: Låge prisar på mjølk, B: At det skal byggjast hus på dyrkbar jord, C: At dei ikkje får selt nok tomtar

13. Kva er regjeringa si «månelanding» på Mongstad?

A: Månefartøy skal landa på Mongstad, B: Regjeringa skal reisa frå Mongstad til månen, C: Reinseanlegg og lagring av CO₂

14. Kva er det Lars Person stiller ut på Mobryggja i

Modalen?

A: Måleri, B: Skulpturar, C: Fotografi

15. Alversund skulekorps har jubileum. Kor lenge har dei halde på?

A: 10 år, B: 25 år, C: 50 år

16. Kva vert markert kvart år 8. mars?

A: Mannedagen, B: Kvinnedagen, C: Siste vinterdag

17. Kva for land er utsett for store øydeleggingar og tap av mange menneskeliv etter jordskjelv og tsunami?

A: Japan, B: Kina, C: Vietnam

18. Kva er Japans viktigaste energikjelde?

A: Vasskraft, B: Vindkraft, C: Atomkraft

19. Kva heiter diktatoren i Libya som folket vil ta makta frå?

A: Mubarak, B: Gadaffi, C: Berlusconi

20. Kor vart skiskyttar-VM arrangert?

A: Norge, B: Russland, C: Sverige

• Fasiten er: 1. C, 2. A, 3. B, 4. B, 5. A, 6. A, 7. A, 8. B, 9. C, 10. B, 11. A, 12. B, 13. C, 14. C, 15. C, 16. B, 17. A, 18. C, 19. B, 20. B.